



Fylkesmannen i Oppland

ØYER KOMMUNE	
Sak nr.	Saksbeh.
14/8-29	BENO
Løpnr.	Dato
6234/14	071014
Art.nr.	
V90*17	

Admir PL.

Til  
Godkjente beitelag i Oppland

Deres referanse  
Vår referanse 2014/6202-1 523.3 SRO  
Saksbehandler Sidsel Røhnebak, tlf. 61 26 61 54  
Avdeling Landbruksavdelingen

Dato 01.10.2014

## Organisert beitebruk 2014 -Tilskott til godkjente beitelag. Informasjon, handsaming og frister

### Frist

Tilskott til drift av godkjente beitelag i Oppland har søknadsfrist 1. november 2014.

### Handsaming

Tilskott til drift av godkjente beitelag er ein del av dei regionale miljøtilskotta i Oppland og har heimel i forskrift om regionale miljøtilskott for jordbruket i Oppland av 13. august 2013. I år, som i fjor, må alle beitelag søkje elektronisk via Altinn.

Det er beitelagsleiar som skal sende inn søknaden for beitelaget. Det er såleis viktig at beitelagsleiaren har denne retten til å representera laget/foretaket i Altinn. For å kunne søkje må beitelaget og alle medlemmane ha gyldig organisasjonsnummer i Einingsregisteret. Dersom beitelagsleiaren er ny eller ein annan skal ta seg av søknaden, må den registrerte leiaren gje rettigheter til den som skal søkje. Dette må og gjerast i Altinn.

Feltet "Melding frå beitelaget" erstattar tidlegare "Rapport frå beitelaget". Beitelaget kan laste opp rapport som vedlegg i Altinn eller skrive direkte inn i feltet "Melding frå beitelaget". Vi oppfordrar beitelaga til å skrive litt om verksemda til beitelaget, om kva laget lykkast med og om evt. problem.

Les meir om søknadsprosedyren på Landbruksdirektoratets nettside [www.slf.dep.no/no/kampanje/arkiv/soktilskudd-i-landbruket](http://www.slf.dep.no/no/kampanje/arkiv/soktilskudd-i-landbruket) og på Fylkesmannens nettside [www.fylkesmannen.no/Oppland/husdyr](http://www.fylkesmannen.no/Oppland/husdyr). Vi sender også med eit noteringsskjema for oppsamling av data som beitelaga kan bruke før innlegging på Altinn.

### Tilskott

- Driftstilskott per sankta sau/geit, kr 12 per dyr (foreløpig sats)
- Driftstilskott per sankta storfe/hest, kr 22 per dyr (foreløpig sats)
- Tilskott per sau/geit/storfe/hest sleppt på beite med "forsterka tilsyn", kr. 14 per dyr

Beitelag som har dokumenterte kostnader til lønna tilsyn og/eller vedlikehald av sperregjerde som er kartfesta i godkjent tiltaksplan, kan få eit ekstra «tilskott til forsterka tilsyn» på 14 kroner per sau/geit/hest/storfe som laget har sleppt på utmarksbeite. Bruk rubrikken for tal dyr med ekstra tilsyn. Vilkår for å få tilskott er enten:

- at kostnadene til lønna tilsyn (inkl. arbeidsgjevaravgift og utbetalt diett-/køyregodtgjering) er større enn 14 kroner per dyr som er sleppt, eller
- at kostnadene til gjerdevedlikehald er større enn 14 kroner per dyr som er sleppt. Kostnaden til vedlikehald er sett til ein standardsats på 3 kroner per meter gjerde som er kartfesta i tiltaksplanen.

Dersom beitelaget har både lønna tilsyn og sperregjerde, gir det også rett til tilskott når summen av kostnadene er minst 14 kroner per dyr som er sleppt.

Kostnadene til lønna tilsyn må settast opp i rekneskap og dokumenteras i vedlegg til søknaden med lønnsliappar, kvitteringar o.l. Dette må lastast inn som elektronisk dokument i søknadssystemet, ev. leverast på landbrukskontoret. Dersom det er gitt tilskott til ekstraordinært tilsyn - «FKT-midler/lønna tilsyn» - skal dette beløpet trekkast frå kostnaden. Sjå vedlagt skjema og rekneeksempel.

Dette tilskottet søkjer beitelaget om saman med dei ordinære driftstilskotta til sau/geit og storfe/hest.

Kommunen gjer vedtak og utbetaling skjer frå Landbruksdirektoratet i februar 2015. Vi gjer merksam på at søknadsopplysningar og statistikk frå organisert beitebruk er offentleg.

#### **Søknader om erstatning for sau drept av freda rovvilt.**

Vi minner om at søknadsfristen for å søke erstatning for rovviltskadar på sau er 1.november. Det er i år nytt regelverk for erstatning for rovviltskadar (vedtatt 30. mai 2014). Alle søkarar må søke via internett/elektronisk søknadssenter, og det er ikkje lenger mulig å sende søknad på papirskjema.

Les meir om dette: <http://www.fylkesmannen.no/Oppland/Miljo-og-klima/Rovvilt/Erstatning-for-rovviltskader---soknadsfrist-1-november/> og <http://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2014-05-30-677>

Lars Bjørke e.f.  
underdirektør

Sidsel Røhnebæk  
seniorrådgjevar

Etter våre rutinar er dette brevet godkjent og sendt utan underskrift.

Innhald i sendinga

1. Noteringsliste for beitelaga
2. Skjema – Vedlegg til søknad frå organisert beitebruk om “Tilskott til forsterka tilsyn” med rekneeksempel

Kopi til:

Kommunane i Oppland  
Oppland Sau og Geit  
Oppland Bondelag  
Oppland Bonde- og Småbrukarlag